

Eit husvære til i Beinavikjo

29.08.2011



Arbeidet med eitt husvære til er no i gang - på etasjeskillet til venstre

**Meir enn 5 år etterat prosjektet hans i Beinavikjo vart marknadsført
fyrste gongen har Geir Rusten starta byggjing av nok eit husvære der.
Det ligg bakerst i komplekset, er 70 kvadratmeter stort og skal vera
ferdig til jul.
Uskedalen Brygge omfattar 20 husvære. Eigentleg planla Rusten
20 til mot strandkanten men det blir neppe aktuelt å byggja desse.
Strandlinja som han sikra seg var 120 meter lang.**

Rusten erklærte for 5 år sidan at prosjektet nærmast selde seg sjølv utan nokon heseblesande marknadsinnsats og han meinte at det ville halda fram på den måten

Fullt så lett har det nok ikkje gått, men prosjektet har ord på seg for å vera vellukka og triveleg og dei som bur der forsikrar at dei har det bra. Med det som nå skjer anser Rusten seg nærmast ferdig med Uskedalen Brygge.

Det som ikkje minst gjer inntrykk på dei som kjem på vitjing er den høge standarden utomhus, til dømes med stein overalt og god belysning. Alt tyder på at det er eit vellukka prosjekt. Dei som bur der har gjort mykje for å gjera det enda betre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen